

Til eigarkommunar og leigetakarar Region Nordhordland Helsehus

Knarvik, 4. juli 2018

Kontraktstildeling i konkurransen om bygging av Region Nordhordland Helsehus

Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI) vil med dette orientera om at kontrakten (totalentreprise) om bygging av Region Nordhordland Helsehus (helsehuset) er tildelt entreprenøren Consto AS. Oppdraget omfattar bygging av helsehuset samt opparbeiding av uteområde på eigedomen. Bygget er på 12 764 m2 BRA, består av 6 etasjar og 3 485 m2 BRA parkeringskjeller.

Konkurransen har gitt eit både kvalitativt og økonomisk godt resultat. Ved kunngjøringa av konkurransen sette RNHI eit pristak på NOK 460 000 000,- eks. mva. Consto AS har gitt ein tilbodspris for totalentreprisen med NOK 295 000 000,- eks. mva.

Det var stor interesse for oppdraget, og 10 leverandørar søkte om å få delta i konkurransen. Etter prekvalifisering valte RNHI ut fem leverandørar som vart invitert til å gje tilbud. Skanska Norge AS, LAB Entreprenør AS, HENT AS og Consto AS leverte inn tilbud, og det er gjennomført forhandlingar med desse. Consto AS sitt tilbud er totalt sett vurdert til å innehalda det beste forholdet mellom pris og kvalitet samanlikna med øvrige tilbud.

Byggjearbeida skal etter planen starta opp hausten 2018. Consto AS har tilbydt å gjennomføra oppdraget på 27 månadar rekna frå kontraheringstidspunktet som er sett til 6. august 2018. Nøyaktig oppstart av byggjearbeida er litt avhengig av framdrifta i Telenor sitt arbeid med å etablere nytt teleteknisk bygg og mast slik at eksisterande anlegg på helsehustomta kan rivast. Dersom Telenor ferdigstiller dette arbeidet som planlagt, og at totalentreprenøren kan starta opp sitt arbeid i løpet av 2018, skal bygget overleverast i starten av november 2020.

Dette skrevet er meint som ei kort orientering om status i konkurransen. Etter anskaffelsesregelverket som RNHI fylgjer ved konkurransegjennomføringa, gjeld det ei plikt til å underretta resultatet av konkurransen til alle som har deltatt i denne. Alle som har deltatt, har rett til å søkja overprøving av tildelingsavgjersla dersom dei meiner regelverket ikkje er fylgt. Me har ingen haldepunkt for at det vil koma inn klagar, men minner om at ei tildeling ikkje er ein endeleg avslutning av ein anskaffelsesprosess.

Så fremt det ikkje kjem inn klager eller det oppstår andre omstende som forseinkar prosessen, vil RNHI inngå kontrakt med Consto AS måndag 6. august 2018.

Eventuelle spørsmål kan stillast til RNHI ved dagleg leiar Rune Heradstveit, mobil 907 53 459, e-post: rune.heradstveit@nordhordland.net

Med venleg helsing



Rune Heradstveit

Dagleg leiar Region Nordhordland Helsehus IKS